

**Dok. ref.**

07/681-11/K2-K44/LTA

Dato:

Manger: 29.08.2008

FØRESKRIFT OM SIKRING AV HUND I RADØY KOMMUNE MED HEIMEL I LOV AV 4. JULI 2003 NR. 74 OM HUNDEHALD, §§ 6, 9 OG 11

§ 1. Føremål

Radøy kommune vil med denne føresegna leggja til rette for eit hundehald som vektlegg tryggleiken for husdyr, vilt og folk, og som medverkar til eit positivt og samfunnsgagnleg hundehald som reduserer konfliktnivået mellom hundeeigar og ålmenta.

§ 2. Verkeområde

Føreskrifta omfattar reglar for sikring av hund og kjem i tillegg til dei ordinære bandtvangreglane.

§ 3. Generell bandtvang

I tida frå og med 15. mars til 1. desember skal hundar i Radøy kommune haldast i band eller forsvarleg innestengt.

§ 4. Sikring av hund

Utover påbodet i § 3 skal hundar haldast i band, forsvarleg innestengt eller inngjerda heile året på følgjande stader:

-I tilknytning til bustadområde, hytteområde, handleområde og på og i nærleiken av alle offentlege område som t.d. skular, barnehagar, vegar, badeplassar, leike- og idrettsanlegg, parkar, kyrkjeområde og friområde.

-I tilknytning til alle landbruksområde i Radøy kommune frå gnr. 18-103, men med unntak i saman-hengande våtmarks- og skogsområde som Skageneset-Urhaug, Vågsbotn (Vaulen)-Haukåsen, Skaråsmyra-Fesøysundet, Vetåsfjellet og Villøyne. Der det går beitedyr i desse geografisk nemde områda skal hundar haldast i band uansett når på året det er.

-På merka turstiar til Vetåsfjellet (Grønfjellet), Skageneset og Lommetjørni skal hundar haldast i band.

§ 5. Unntak frå sikringsreglane

Dressert bufehund i arbeid og teneste.

Tenestehundar i aktivt arbeid som politihundar/bergingssteneste, og formål etter §9.

Godkjente førarhundar som treng rekreasjon kan sleppast laus under kontroll der det ikkje er husdyr.

Hund i bruk under jaktprøve, jakt og i aktivt ettersøk av skada/påskote hjortevilt. Desse hundane skal vera dokumentert sauereine.

Dressurområde for hundar som Radøy kommune har godkjent etter gjeldane lover. Kurs, trening og arrangement i regi av ein organisert hundeklubb der grunneigar har gjeve skriftleg løyve/godkjenning. Hundklubben skal vera tilknytta Norsk Kennelklubb eller Norges Jeger og Fiskeforbund. Dette skal skje på ein aktsam måte og ikkje vera i strid med viltlova.

§ 6. Forsøpling og opptak av laushundar

Ekskrement som hund legg frå seg på offentleg stad og på område tilgjengeleg for ålmenta i tettbygde strøk og på friområde, skal straks fjernast av den som fører hunden. Hund som er laus i strid med føreskrifta kan opptakast i samsvar med § 10 i lov av 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald.

§ 7. Dispensasjon

Kommunen kan etter søknad dispensera frå føreskrift §3 og §4.

§ 8. Straff

Brot på denne føreskrifta er straffbart, jf. lov av 4. juli 2003 nr. 74 om hundehald § 28.

§ 9. Trer i kraft

Denne føreskrifta trer i kraft frå det tidspunkt den er kunngjort etter gjeldande reglar.

Føreskrifta er vedtatt av kommunestyret i Radøy i møte den 25.09.2008, sak 057/08